

Vår ref.:
23/01772-21

Dato:
21.11.23

Referat frå IDF-møte 20.11.23 - styresaker

Til stades:

Organisasjonane

Gjert Anders Askevold Forskerforbundet-FF
Jan Ove Rogde Mjånes Akademikerne - AK
Grethe Lønning Grimsbø, Parat /YS-stat
Tone Skjerdal Norsk tjenestemannslag/LO-stat-NTL
Karin Bell Hovudverneombod-HVO

Arbeidsgjevar

Gunnar Yttri - rektor
Tage Båtsvik Organisasjonsdirektør – Org.dir
Anette Fristad Avdelingsleiar AHR
Anette Undheim Seniorrådgjevar AHR
Linn Melby Meyer Rådgjevar AHR
Wenche Fjørtoft Seniorrådgjevar AHR - referent

51/23-B - Godkjenning av innkalling og saksliste

52/23-B - Forretningsorden for styret ved Høgskulen på Vestlandet 2023-2027

Rektor orienterte.

53/23-B - Forlenget sensurfrist - nasjonal deleksamen i matematikk

FF: Tillitsvalde ønskjer at det vert nytta verkedagar ved sensur slik at tilsette slepp å bruke helg og andre fridagar i arbeidet.

54/23-S - Budsjett for 2024

Rektor orienterte.

NTL: Berekraft er ei satsing i HVL. Er det slik at eit stramt budsjett kan gå utover satsinga på berekraft?

Rektor: Det er ikkje føreslått å løyve innsatsmidlar i budsjettet, men ved årsoppgjeret for 2023, kan styret eventuelt gjera disponeringar av innsatsmidlar som ikkje er brukte opp. . Vi har ein ny berekraftplan for 2023-2026 og den vert følgt opp.

FF: HVL må spare, men kor mykje må HVL spare i den tida som kjem? Kva kortsiktige og langsiktige tiltak blir sett i verk? Ein blir spesielt uroa av omgrepet «Strukturelle endringar» som i politisk samanheng ofte tyder nedleggingar.

Lønnskostnadane skal ned, men korleis skal dette gjerast? Det at det står at vi må bli færre tilsette skapar uro. Spesielt når det ikkje er presisert korleis dette skal skje. Kan eit grep vere å tilsette undervisarar med lågare kompetanse?

Handlingsplan for berekraft var vedteken før sommaren, og det skulle løyvast strategiske midlar til dette. Det ser vi ikkje igjen av budsjettet. Kva skjer me bærekraftperspektivet?

Rektor: Vedrørande spørsmålet om berekraft viser ein til svar på spørsmål frå NTL: Dei andre spørsmåla tek ein med i det vidare arbeidet.

HVO stiller spørsmål om den økonomiske situasjonen vil ha konsekvensar for nybygget Haugesund?

Rektor: Byggeplanane i Haugesund er ikkje handsama i budsjettsaka. Det er tidlegare sett av midlar til bygget. Det som er spanande er kva kalkylar Statsbygg etter kvart kjem opp med. Styret vil verta orientert når desse ligg føre.

AK vil oppmode rektor og styret om å gå inn for målretta tiltak der ein veit at tiltaka har god effekt på økonomien. Dersom dette dreg ut så vil ein bli uroa. Ein må ha gode kalkylar på verknadene.

Parat viser til at det står tydeleg at lønskostnadene ned. Korleis blir vi færre tilsette? Det er viktig å ha ein god kommunikasjonsplan.

I saka står det at styret skal i 2024 ta stilling til om det skal byggast nytt bygg i Haugesund. Betyr dette reversering av tidlegare vedtak om nytt bygg, eller er ikkje «bygge-vedtaket» gjort enno?

55/23-S - Det samla eigenfinansierte studietilbodet med opptaksrammer ved HVL for studieåret 2024-25

Rektor orienterte.

FF: Vi må ta vare på kjerneaktiviteten. FOU og studieprogram må være gjensidig avhengig av kvarandre, noko som tydar prioriteringar. Situasjonen tilseier at HVL må ha eit særleg fokus på prinsippet som gjeld økonomisk berekraft og sikre god utvikling av alle våre fem campus.

Det vert stilt spørsmål om det er søkjarar til alle studietilboda som vi lyser ut? Ved FHS stiller ein spørsmål om deltidsutdanningane kan slå bein under grunnutdanningane?

Forskerforbundet spør om det er rett ressursutnytting å lyse ut LUPE Idrett på FLKI, utan å lyse ut LUPE musikk. FF er redd for at dette over tid vil utarme musikkmiljøet.

56/23-S - Rapport om studentopptaket og rekrutteringsarbeidet 2023

Rektor orienterte.

57/23-B - Internrevisjonen: Etablering av felles revisjonsutvalg

Rektor orienterte.

Orienteringssaker

O-48/23 - Universitetsprosjektet: Status og veien vidare, november 2023

Rektor orienterte.

O-49/23 - Halvårlig statusrapport om personvern

Rektor orienterte.

Referatsaker

O-50/23 - Skriftlege orienteringar til styret: Nytt frå Høgskulen på Vestlandet - styremøte 8/2023

Rektor orienterte

O-51/23 - Munnlege orienteringar frå rektor - styremøte 8/2023

Rektor orienterte om oppfølging av arealprosjektet.

O-52/23 - Referatsaker - styremøte 8/2023

O-53/23 - Campusrelevant tema: Omvising på campus Haugesund